

**Fra:** Anne-Karin Løken <anne-karin.loken@ks.no>

**Sendt:** 18.08.2023 11:48:28

**Til:** Ullensvang kommune <postmottak@ullensvang.kommune.no>, Postmottak Ulvik kommune <postmottak@ulvik.kommune.no>, Etne kommune <post@etne.kommune.no>, Sveio kommune <postmottak@sveio.kommune.no>, Bømlo kommune <postmottak@bomlo.kommune.no>, Stord kommune <post@stord.kommune.no>, Fitjar kommune <fitjar@fitjar.kommune.no>, Tysnes kommune <post@tysnes.kommune.no>, Postmottak Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>, Postmottak Eidfjord kommune <postmottak@eidfjord.kommune.no>, Postmottak Kvam kommune <postmottak@kvam.kommune.no>, Postmottak Samnanger <postmottak@samnanger.kommune.no>, Postmottak Austevoll <postmottak@austevoll.kommune.no>, Askøy kommune <postmottak@askoy.kommune.no>, Postmottak Vaksdal <post@vaksdal.kommune.no>, Postmottak Modalen <postmottak@modalen.kommune.no>, Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>, Øygarden kommune <postmottak@oygarden.kommune.no>, Post Austrheim <post@austrheim.kommune.no>, Postmottak Fedje <postmottak@fedje.kommune.no>, Post Masfjorden kommune <Post@masfjorden.kommune.no>, Postmottak Gulen kommune <postmottak@gulen.kommune.no>, Solund kommune <post@solund.kommune.no>, Hyllestad kommune <postmottak@hyllestad.kommune.no>, Høyanger kommune <postmottak@hoyanger.kommune.no>, Vik kommune <post@vik.kommune.no>, Sogndal kommune <postmottak@sogndal.kommune.no>, Postmottak Aurland <post@aurland.kommune.no>, Lærdal kommune <post@laerdal.kommune.no>, Årdal kommune <postmottak@ardal.kommune.no>, Luster kommune <postmottak@luster.kommune.no>, Askvoll kommune <postmottak@askvoll.kommune.no>, Fjaler kommune <post@fjaler.kommune.no>, Bremanger kommune <post@bremanger.kommune.no>, Gloppen kommune <post@gloppen.kommune.no>, Stryn kommune <postmottak@stryn.kommune.no>, Bergen kommune <info.avd@bergen.kommune.no>, Kinn kommune <post@kinn.kommune.no>, Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>, Postmottak Bjørnafjorden kommune <post@bjornafjorden.kommune.no>, Postmottak Voss herad <postmottak@voss.herad.no>, Sunnfjord kommune <postmottak@sunnfjord.kommune.no>, Stad kommune <post@stad.kommune.no>, Vestland fylkeskommune <post@vlfk.no>  
**Kopi:** Fylke Vestland <FylkeVestland@ks.no>, Helene Arholm <Helene.Arholm@ks.no>  
**Emne:** Informasjon om KS' Haustkonferanse, konstituerande fylkesmøte og ordførarsamling - hald av dagane

---

**Til kommunedirektør, fylkesdirektør, ordførar og fylkesordførar mfl.**

14. og 15. november arrangerer KS Vestland årets viktigaste møteplassar i kommunal sektor i vårt fylke: **Haustkonferanse, konstituerande fylkesmøte og ordførarsamling**. Vi ber om at de merker dykk datoane og held dei av i dykkar kalendar. Arrangementa finn stad på Scandic Flesland Airport i Bergen. Nærare informasjon om program, innleiarar, påmelding osv. kjem i byrjinga av september.

Merk dykk at arrangementa er flytta i tid og at tidlegare kommunikasjon frå oss har hatt andre datoar, mellom anna i brev frå oss om val til KS-organ.

**14. og 15. november** er dei korrekte datoane, og de kan sjå vekk frå anna informasjon.

## Kva er Haustkonferansen, fylkesmøtet og ordførarsamlinga? Og kven er dei for?

**Haustkonferansen** er KS sin møteplass for ordførarar, fylkesordførar, kommunedirektørar, fylkesdirektør og andre toppleiarar i kommunar og fylkeskommune. Her tek vi opp aktuelle saker for kommunal sektor, mellom anna er ofte statsbudsjettet tema. Det er og ein arena for utvikling av kommunesektoren, nettverksbygging og ein møteplass der kommunane kan dele og få erfaringar og kunnskap. Haustkonferansen vert arrangert kvar haust, i oktober.

**Fylkesmøtet** er KS sitt øvste medlemsorgan i fylka. Her møtest politisk valde delegatar frå kvar kommune og fylkeskommunen ein gong i året, i februar/mars. I Vestland er det 120 delegatar. Hovudtema er KS' rolle som arbeidsgjevarorganisasjon, og det er fylkesmøtet som gjev KS innspel til årets forhandlingsmandat i lønns- og tarifforhandlingar. I år er det valår, og det vert difor arrangert eit **konstituerande fylkesmøte**. På møtet skal det veljast fylkesstyre med leiar, og landstingsdelegatar frå Vestland. Konstituerande fylkesmøte vert i 2023 arrangert i tilknytning til Haustkonferansen.

KS arrangerer **ordførarsamlingar** for ordførarane i fylket. Dette er ein møteplass for å få kunnskap og inspirasjon, der ein kan dele erfaringar og få gode innspel rundt utøving av ordførarrolla. Sidan det er valår i 2023, ynskjer vi å samle ordførarane så raskt som mogleg for å bli kjende, få kontaktar på tvers av kommunar og dele kunnskap og tips om rolla som ordførar. Ordførarsamlinga blir arrangert etter at Fylkesmøtet er ferdig den 15. november.

Hald av datoane, meir informasjon om val i KS, program og anna kjem innan kort tid.

Med helsing

**Frode Kyrkjebø**

Dagleg leiar, Vestland

General manager, Vestland

Epost Email: [frode.kyrkjebo@ks.no](mailto:frode.kyrkjebo@ks.no)

Mobil Cellular: (+47) 41 45 92 45

<http://www.ks.no>



**KOMMUNESEKTORENS INTERESSE- OG ARBEIDSGIVERORGANISASJON**  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities